

Nærare om kasus på norrønt språk

Nominativ – N. er kasus for subjektet, altså den som gjer handlinga. (Men ”handlinga” kan vera å få). Setningsledd som ser ut som objekt for verba *vera*, *heita* og *verða* står likevel i nominativ. (Dei er ikkje objekt, men subjektspredikativ).

Akkusativ – A.

Dei fleste verb tek (direkte) objekt i akkusativ: *Hundr beit mann. Konungr gaf honum grið.*

Dermed står den/det det går ut over oftast i akkusativ, islandsk *þolfall* ’tòlekasus’.

”Tida er akkusativ”: *Ina núundu hverja nótt drupu af honum átta hringar jafnhöfgir.*

Preposisjonar som styrer akkuastiv: *um, (í) gegnum, umhverfis, um fram, fram um osb., fyrir norðan, fyrir sunnan osb.,*

Preposisjonar som styrer A. til stad, D. på stad: *á, í, fyrir, undir, yfir.*

Með og *við* styrer A. når tydinga er ’medbringande’.

Eptir styrer A. i tidsuttrykk.

Dativ – D.

I verb som tek to objekt (treverdige vb.) står det indirekte objektet – omsynsleddet – i dativ:

Konungr gaf honum grið. Slik kan det òg vera med verb som ikkje har direkte objekt: *Óx honum ásmegin* ’Ásakrafta voks for han’, *Mér sýnisk* ’Eg tykkjer / For meg ser det ut til’, *Illa hefir mér farit* ’Det har gått dårleg for meg’.

Nokre verb tek direkte objekt i dativ: *Hann ann henni mikit* (*ann* av *unna*), *Hjalpa þér.*

Instrumental dativ: *Þú ógnar oss guði þínu* ’Du trugar oss **med** guden din’ – kan omsetjast med *med*, jf. *instrument*.

Dativ ved kroppsdel: *Nú hjóttu Noreg ór hendi mér* ’No hogg du Noreg ut or handa *på meg*’.

Dativ i jamføring: *Sólu bjartari* ’lysare enn sola’, *litlu síðar* ’litt seinare’, *halfu meir* ’halvt meir’ = ’dobbelt så stor’.

Dativ etter adjektiv: *Hann var henni útrúr, Hon var honum góð.* Fleire slike adjektiv: *hlýðinn, náinn, líkr, skyldr, feginn, reiðr.*

Preposisjonar som styrer D.: *af, at, frá, hjá, ór.*

Preposisjonar som styrer A. til stad, D. på stad: *á, í, fyrir, undir, yfir.*

Með og *við* styrer D. når tydinga er ’i lag med’, elles A.

Eptir styrer D. i tydinga ’langs’.

Genitiv – G.

Uttrykker eigedom: *sonr Guðbrands, stjórn landsins.*

Partitiv genitiv: *allra manna sterkastr, mikill fjöldi búanda.* Kan omsetjast med *av*, jf. *partitiv*.

Genitiv ved opprekning: *sjau dógra sigling, eins árs gamall.*

Genitiv ved adjektiv: *Hon varð þess vör, Ek em þess verðr.*

Nokre verb tek objekt i genitiv, særleg slike som er knytte til kjensler: *sakna hennar, njóta þess, fýsask fararinnar, biðja hennar.*

Preposisjonar som styrer G.: *til, norðan, sunnan osb., innan, utan, á meðal / í meðal, á milli / í milli (millum), (fyrir) sakir.*

Jamfør O. E. Haugen 2001: *Grunnbok i norrønt språk*: 258-67 og 229-35 og T. Spurkland 1989: *Innføring i norrønt språk*: 141-49.